



Statistikken syne at lesartalet på uskedalen.no held seg stabilt rundt 1000 brukarar i døgeret.

Statistikken for 2018 syner at det har vore færre innlegg på Uskedalen.no, men at lesartalet er stabilt. Innan utgangen av 2018 er det sidan oppstarten i juni 2006 produsert 17492 nyhende og notisar. For fjoråret er talet 1158 saker, noko som er ein nedgang frå året før. Lesartalet held seg stabilt med rundt 1000 brukarar i døgeret.

Nokre lesarar og miljø sender tips og stoff. Andre er meir anonyme. Dei som sender ferdig stoff og bilete er særleg barnehagane, helselaget, musikkklaga, kor og nokre grupper i idrettslaget.

Thor Inge Døssland bad seg fri skrivning på årsmøte i fjor. Han har likevel vore til stor hjelp på nettsida, både med skrivning og rettleiing. Hans Ordin Østebø har det tekniske ansvaret og har kontakten med sponsoarane/ dei med fast annonseplass. Svein Rimestad skriv frå konsertar.

Talet lesarbilete i 2018 er 140 mot 180 året før. 21 personar har sendt oss bilete. Nokre er meir aktive enn andre. Slik vil det vera. Redaksjonen legg opp til mangfald og breidde i dei motiva som vert lagt ut. Hans Ordin legg ut bileta.

Før vi skriv litt om visningar (besøk på sida) er det viktig å få fram at statistikkssidene ikkje har registrert besøk i perioden 4. – 30. juli og 1. mars, det er av årsaker redaksjonen ikkje rår med. Med dette veit vi at om all registrering hadde vore på plass, ville tala vore høgare.

11.mars var dagen med flest lesarar inne på sida, 1786 sidevisningar, av desse 1035 unike. Grunnen var truleg den stora interessa for skikøyring i Ulvanoso.

Saker med stor interesse og mange sidevisningar har vore.

- 15.10: Unge fruktbønder på Steinsletto
- 16.03: Helsing frå Sigmund Myklebust etter ulukke
- 03.08: Festidalen
- Innlegg frå Norway Cup skårar alltid høgt.

Statistikken syner gode tal for kor mange som er inne på andre sider i venstre kolonne. Heile 18 604 har vore inne på desse sidene. Det fordeler seg slik:

- Lag og organisasjonar: 3 456
- Tilbod i Uskedalen: 2125
- Uskedal Utvikling: 2041
- Uskedalsposten: 2144
- Bilete: 1529
- Turstiar: 1522
- Historisk stoff: 1182
- Dette er Uskedalen: 1169

Tala syner at mange går inn via Uskedalen.no for å finna informasjon om attraksjonar og hendingar i bygda. Dette gjeld til dømes gjester i båthamna.

Firma og verksemder med fast annonseplass er 23, det same same talet som for 2017. Talet pr.01.02.2019 er 24. Det er plass til fleire og det er sendt tilbod til nokre sentrale firma i eller med tilknytning til Uskedalen. Frå logo vert det lagt link til heimeside/facebookside. Prisen er kr. 3.300,- pr. år.

Tekst: Hans Ordin Østebø/Kristian Bringedal
Nett/foto: Kristian Bringedal